


ORGANISASJONSPLAN

1. FØREMÅL

- Å organisera laget slik at dei menneskelege og økonomiske ressursane blir brukt best mogeleg.
- Avklara ansvars- og mynde i tillitsmannsapparatet
- Å auka aktiviteten på det sportslege plan
- Regulera intern og ekstern informasjon
- Definerer utøvaransvar og lagansvar
- Å ta vare på og utnyttja laget sine eigedelar, anlegg og utstyr best mogeleg.

2. ORGANISASJON



2.1. STYRE: (hovedstyre)

LEIAR
NESTLEIAR
KASSERAR
SEKRETÆR
TO STYREMEDLEMER

Kommentar:

- Leiar blir valgt for 1 år om gangen. Dei andre styremedlemene og andre valgte representantar blir valgt for 2 år om gangen.
- Leiar og kasserar disponerer bankkonti kvar for seg. Leiar kan delegera disposisjonsretten til andre styremedlemmer, dagleg leiar eller medlemmer i gruppestyra. Leiarane i gruppestyra attesterer rekningar for sine respektive grupper. Leiar attesterer øvrige rekningar.
- Leiar og nestleiar har saman signaturrett på vegne av laget.
- Det er styret sitt ansvar at det er utarbeidd arbeidsinstruks for Daglig leiar.
- Rekneskapen i OIL følg Idrettens Rekneskaps- og Revisjonsbestemmelser. Laget har eige rekneskapssystem og kontoplan som er delt gruppevis, og som summerer seg opp til samla rekneskap for OIL.

2.1.1 STYRET SITT ANSVAR

I tillegg til ansvarsområder som er definert i lagslova § 15 er styret ansvarlig for:

- Generell ekstern og intern informasjon, inklusiv hovedansvar for heimesida til laget
- Oppnemning av utvalg etter behov, og definering av organisering og arbeids- og ansvarsområde for disse
- Overordna ansvar for langtidsplaner
- Samordning av sponsoravtalar og salg av reklame. Alle avtalar med eksterne avtalemotpartar (sponsoravtalar, utøvaravtalar o.s.v) er først bindande for laget når dei er godkjent av styret.
- Samordning av sportslige aktivitetar og andre aktivitetsplaner
- Innhente kvartalsrapportar fra gruppene og sette opp status over aktivitet og økonomi (30.03.. – 30.06. – 30.09.).
- Ansvar for rekruttering av medlemmer til administrative oppgaver, og føringar for gruppene i arbeidet med rekruttering og utvikling av både administrative- og sportslege leiarar.

2.2 FELLESMØTE

For å syta for best mulig samarbeid sportslig, organisatorisk, økonomisk og på andre måtar, blir det etablert eit samarbeidsutval mellom styret og gruppene. Utvalget møtes når styret eller ei eller fleire grupper krev det, men minst to ganger pr. år.

På møta deltar styret og medlemmer frå gruppestyra.

2.3 UTVALG/ARBEIDSOMRÅDE

Styret har etter vedtektene p.t. oppnemnd utvalg med ansvar for:

Idrettsmerke (ivareteke av friidrettsgruppa)

Premiesamling

Æresmedlemskap

Heimesida – redaksjonelt arbeid
Husstyret
Arkiv/Historie
Drift- og vedlikehold for Osterøy Stadion
Gang-Mosjonsidrett.

Retningslinjer og instruksar for utvala sitt arbeid er samla i instruksboka for laget.

Retningslinjer for æresmedlemskap i Osterøy Idrottslag vart vedteke på årsmøte 5.3.2007.

3. ORGANISERING AV GRUPPENE – FELLES FOR ALLE

Osterøy Idrottslag er eit fleiridrettslag som pr.1.1.2008 har etablert følgjande grupper, som er ansvarlig for organisering og drift av "sin" idrett:

- Fotball
- Friidrett
- Handball
- Ski
- "Spretten"
- Turn
- Volleyball

3.1. ORGANISERING

Den enkelte gruppa vert leia av eit gruppestyre som minst skal utføra funksjonane til leiar, sekretær og gruppekasserar.

Gruppestyret har hovedansvaret for gruppa si sportslege aktivitet, og hovedansvaret for å skaffe midler til drift av gruppa.

Gruppestyret kan etter behov etablere komitear/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeida mandat/instruks for desse.

Gruppestyret representerer gruppa utad i "sin" idrett.

3.2. ØKONOMI

Gruppene er ansvarlig for eigen økonomi, men skal innordna seg hovedstyret sine planar for økonomitiltak. Gruppene disponerer i utgangspunktet sjølve inntekter frå treningsavgift og "eigne tiltak". Kontingentar til egne særkretsar er gruppene sitt ansvar. Gruppene kan ikkje inngå avtaler utan etter godkjenning frå hovedstyret.

3.3. ANLEGG

Grupper som driv aktiviteter på laget sine idrettsanlegg skal enten ha egne anleggsutvalg, eller delta i felles anleggsutval med ansvar for den daglege drifta av anlegga. Anleggsutvala skal vera i dialog med styret gjennom dagleg leiar.

3.4. OPPGAVER I FORHOLD TIL "FELLESSKAPET"

Gruppene skal bidra til at alle som deltek i organisert trening og representerer laget i konkurranser er medlemmer i laget og har betalt medlemspengar og mulige avgifter som gruppene krev inn.

4. ÅRSMØTA

4.1. ÅRSMØTE I HOVEDLAGET

Lagslova inneheld retningsliner for hovedlaget sitt årsmøte som skal haldast innen utgangen av mars kvart år.

Organisering og sakliste for årsmøte i hovedlaget framgår av lagslova.

4.2. ÅRSMØTE I GRUPPENE

Gruppene kaller inn til årsmøte, som skal haldast innen utgangen av februar kvart år. På årsmøte kan alle medlemmer i OIL som har tilhørighet til gruppa delta.

Årsmøte skal:

- Godkjenne gruppa si årsmelding
- Godkjenne gruppa sitt rekneskap i revidert stand
- Behandla, og anbefale overfor hovedstyret, gruppa sitt forslag til budsjett og handlingsplan.
- Foreta val av styre, som minimum skal bestå av leiar, gruppekasserer og sekretær. Leiar vert vald for ett år, dei andre styremedlemene og evt. varamedlemmer vert vald for to år. Ved val må ein syta for at det er ”overlapping” i funksjonstid slik at kontinuitet i styrearbeidet vert oppretthalde.
- Velja ny valkomité med leiar og to medlemmer

5. VALGKOMITÉ FOR HOVEDSTYRE: SAMMENSETNING OG ARBEID

Sammensetning:

Valkomiteen består av leder, 2 medlemmer og 1 varamedlem. Valkomiteen bør rekrutterast mellom medlemmer som er aktive i laget sitt arbeid.

Styret er ansvarleg for at valnemnda får:

- beskjed i god tid om at dei er valgt, og dato for årsmøte.
- komplett liste over tillitsvalgte i laget (hovedstyre og gruppestyra) og kven som er på valg
- tilgang til medlemsoversikten
- tilgang til laget sin organisasjonsplan

Valnemnda sitt arbeid:

- leiar har ansvar for at komiteen kjem i funksjon i god tid før årsmøtet
- organisasjonsplanen må brukas aktivt, slik at dei som blir spurt veit kva ansvar og arbeidsoppgaver dei er tiltenkt
- skaffe seg oversikt over kven som ønsker attval – eller evt. ønsker andre verv
- utarbeida framlegg til kandidater, som skal leggest fram på årsmøte. Det er ein fordel om framlegget er klart på førehand og kan leggest ved styret sine øvrige dokumenter.

Dei same prosessane blir nytta av gruppestyra og gruppene sine valkomitear så langt det er naturleg.

STYRE 2007

	Navn	Funksjonstid
Styre		
Leier	Jørgen Varden	2007
Nestleier	Geir Kleppe	2007
Kasserer	Norunn Rosnes	2007
Sekretær	Ragnhild Balsvik	2007/08
Styremedlem	Johannes Borge	2007/08
Styremedlem	Gisle Låstad	2006/07
1 varamedlem	Kjellaug Hartveit	2007
2. varamedlem	Svein Lohne	2007
Revisor	Roger Breivik	2007
Revisor		
Vara revisor	Håkon Åsheim	2007
Vara revisor	Norodd Helle	2007
Valgnemnd	Askil Solberg (leier)	Gjenvalg 2007
	Bernt J. Flæsland	Gjenvalg 2007
	Åshill Fredriksen	2007

*) Uten generell møteplikt til styremøte, men innkalla etter behov.

Gruppestyra:

GRUPPE	LEIER	KASSERER	SEKRETÆR
---------------	--------------	-----------------	-----------------

Fotball	Ivar Solberg	Tore Langeland	Øyvind B. Litland
Friidrett	Sigbjørn Reigstad	Ole Johannes Mjøs	Trond Rosnes
Ski	Øyvind Litland	Bernt J Flæsland	Øyvind Litland
Turn	Siv Merethe Vevle	Monika R. Solberg	Målfrid V. Lohne
Volleyball	Trude Jacobsen	Kåre Nyheim	Ragnhild Eri
Trial	Asbjørn Hanssen	Asbjørn Hanssen	Frode Johnsen
Handball	Eli Hole	Laila Borge	Anne Lise Hoshovde
"Spretten"	Åshill Fredriksen	Tiril Øvsthus	Åshill Fredriksen

Andre nemnder og komiteer i 2006:

Idrettsmerkeutvalg: Friidrettsgruppa
 Premiesamling: Vidar Simmenes
 Svein Lohne
 Husstyret: Kjellaug Hartveit
 Tore Langeland
 Barneidrettsnemnd: Ikke aktiv
 Prosjektnemnder:
 Fugledalen: Styre
 Klubbhuset: Styre
 Drift- og vedlikeholdsnemnd
 for Osterøy Stadion: Tore Langeland (leier)
 Geir Lohne
 Sigbjørn Reigstad